



# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 6 • desember 2013 • 46. ÅRGANG



## Den første julen



«Han lagdes i et krybberom, Guds engler sang med fryd derom». Karina Opheim (10½) har laget denne flotte tegningen av den første julenatta til kyrkjelydsbladet.



**Jul med Gospel Bergen**

SIDE 14-15



**Bli med på klubbkveld**

SIDE 2-3



**Ville fylt 90**

SIDE 12-13

Arne snakker slik at alle forstår.



# Klubben over alle klubber!

**Noen gråter litt når de kommer. Andre er sinte. Mange smiler helt rundt. Klubben over alle klubber er for psykisk utviklingshemmede sammen med hjelperne sine, hver onsdag kl. 18 til 20 i menighetshuset Arna.**

TEKST OG FOTO: OLAV VIKSE

De kysser meg og klapper meg på kinnet. Jeg blir våt på kinnet og rørt på en gang. De gir og gir. Av det de har, seg selv. Åpent og uten reservasjon. Det finnes ingen baktanker, tror jeg. Bare oppmuntringer eller skjellsord. Stemningen kan skifte som været på Vestlandet. Men penere helst enn i Arna.

Det var forresten Tore som gråt da jeg kom. Som hadde satt seg i et hjørne med rødsprenget øyne. Nå er det glemt alt sammen. Og gle-

den bobler over meg som ei strid elv. Andre henger seg på. Vi ler og har det godt. Plutselig stryker Leif meg på hånda. «Du er snill du» sier han. «Snille øyne». Jeg får klump i halsen. Leif ser meg. Første gang vi er sammen! Klumpen i halsen vokser. Jeg blir veldig opptatt med å ta bilder.

Så sier Tore at Tone (miljøterapeuten) er forelsket. Det blir masse oppstuss og latter. «Du er for gammel for henne!» svarer jeg, og Tore skrattler. «Jo, jo, jo» sier han! Høyere og høyere. Forelskelsen blir tiet i hjel av Tone. Men så lett er det ikke. Tore gir seg ikke så lett. «Jeg-

er akkurat passelig! Jo, jo, jo!» Jeg prøver å finne noe å avlede han med. Om pizzaen er god. Han tygger og tenker seg om. Men holder tråden fra i sted. Vi blir reddet av gongongen. Innkalling til gudstjeneste. Alle slipper det de har i hendene og går i ordnet uorden mot døra. Nesten alle. Ei urolig dame som hele tiden har laget underlige lyder, nekter å la seg innrullere i troppene. Lokkestemme og gulrot hjelper ikke. Hun har definitivt bestemt seg. En av hjelperne blir igjen for å holde henne med selskap.

Etterpå er det en slags gudstjeneste i kirka. Jeg skulle ønske at alle gudstjenester i Arna er sånn som denne! For Arne prest snakker med oss! Spør oss hva vi tenker. Han ser hvor vi sitter og regner med oss! Per Agnar bryter ut i spontan applaus etter at han har fått tenne et lys på lysgloben. Fått be til Jesus som ser oss enda bedre enn Arne. Som ikke går hjem etterpå når gudstjenesten er ferdig. Men som følger oss og passer på hele tiden. Ikke rart Per Agnar må klappe i hendene. Arne må le. Etterpå er Arne knapt nedpå. «Er det ikke flott, Olav?» jubler han. «Jo,» sier jeg og siterer en av pionerene i arbeidet med psykisk utviklingshemmede i Arna, Audun Stølås: «Nærmere himmelen enn dette, kommer du ikke i Arna!»

Etterpå føler han seg mye bedre enn før han begynte.

- Det er en opplevelse, sier han til meg.
- Så mye tilbakemelding. Jeg tvinges til å lytte til de befinner seg i forståelse. Legge det opp på deres premisser!

Fadervår leses med litt skurr. Ikke alle treffer de riktige ordene. Men Herren som hører dem ler og koser seg.



Helge ser på meg smilende.



Stryker på hånden: « Du er så god du»



Per Agnar klapper i hendene over hvor fint det er å være der.

# Det lirk mot jul

Det er med stor glede vi igjen presenterer ei oversikt over ulike advents- og julearrangement i kyrkjer og bedehus i Arna. Vi ber om orsaking viss noko har falle ut eller tidspunkt skulle vere feil. Merk at det er inngongspengar på fleire av konsertane.

For lysmesser og julegudstenester, sjå gudstenestelista

## Ytre Arna

**Julekonsert med Arne sangforening i Ytre Arna kyrkje**  
tysdag 17. desember kl.20.

### Julekonsert i Ytre Arna kyrkje

Søndag 15. desember kl. 17. Arne sangforening, Arne musikkforening, Skulemusikken, Barnekoret, Arna og Ytre Arna kyrkjekor.

### Barne-julefest på Haugland bedehus

Fredag 28. desember kl. 17 med Team Helgås

### Julefest på Haugland bedehus

Laurdag 4. januar kl. 17. Tale ved Lars Arne Markhus

### Julefest i Ytre Arna bedehus (Tidlegare festen på «Sentrum»)

Søndag 12. januar kl. 16. Arne musikkforening spelar til juletrengong. Arr: Soknerådet og Saniteten

## Arna

**Syng jula inn! Familiearrangement med Alliansekorpsset Arna og Lone skulemusikk**  
Arna kyrkje fredag 6. desember kl. 18.00

### Lysmesse og Vi syng jula inn i Betania, Lone

Søndag 9. desember kl. 17.00. Gløgg og peparkaker.

### Julekonsert med Unnelandskoret

i Arna kyrkje søndag 8. desember kl. 19.30

**Julekonsert med Arna kyrkjes kammerkor. *Barnet i Betlehem***  
Arna kyrkje lørdag 14. desember kl. 18.00

### Julekonsert med Haukeland songlag

Arna kyrkje søndag 22. desember kl.

### Kyrkjelyden syng jula inn

Arna kyrkje, torsdag 19. desember kl. 19. Arna og Ytre Arna kyrkjekor, Ungdomskoret.

### Julefest for store og små i Arna bedehus!

Lørdag 28. desember kl. 16. Det blir andakt, sang, god mat og juletrengong.

### Julefest for heile familien i Betania, Lone

laurdag 29. desember kl 16. Andakt v/Bjarte Vesetvik

### Klubben sin julefest

Arna kyrkjelydshus laurdag 4. januar kl. 16



**Barnet i Betlehem**

Julekonsert Arna Kyrkje  
Lørdag 14. desember kl. 18.00

**Arna Kyrkjes Kammerkor**

Dirigent Tore Hegdahl  
Solist Lydia Hoen Thore  
Kantor Hallgeir Øgaard

Bill. kr. 200,-



**Julemarked og julepakkeaksjon**

Konfirmanter og andre selger produkter de selv har laget. Salg av grøt, kaker, kaffi, te og saft. Overskuddet blir delt mellom kyrkjelydsarbeidet og Kirkens nødhjelps arbeid på Fillippinene. Ta også med en eller flere gaver til barn som lever under vanskelige forhold i Romania og Moldova. Du må også gi kr 50 per gave som fraktbidrag. Ved innlevering merkes gavene med kjønn og alder. Hjertelig velkommen!

Ytre Arna kyrkjelydshus  
lørdag 7. desember kl 12.00-15.00.



## Prostkassen

# Krossen

**Skal det vere lov å bere religiøse symbol for ein programleiar i til dømes NRK? Går det an for ein offentlig person å ha eit smykke, forma som ein kross, i halsgropa? Debatten har gått i høge bølger ved inngangen til november. Bakgrunnen er at leiinga i NRK har nekta ei dame som viser seg mykje på TV-skjermene på Sørlandet å bere ein slik kross. Grunngevinga er at NRK skal vere livssynsmessig nøytralt.**



AV PROST ØYSTEIN SKAUGE

Dette er eit meningslaust utspel frå NRK. Ingen er nøytrale i slike spørsmål, og sant å seie er det så mange andre i statskringkastinga som på mange områder er så unøytrale at det lyser av dei. Og det er greitt. Nøytralitet er grått, farge-

laust og undertrykkjande. Det må vere lov å vise eit så pass tydeleg symbol som dette. Men det verste med denne debatten er ikkje at den har dukka opp. Det verste er ikkje at grunnlaget for debatten eigentleg syner at landet vårt er eit land som rommer, og skal romme, eit mangfald av livssyn. Det verste er den haldninga ein del av dei som kallar seg kristne utøvar.

Ein aksjon på Facebook går under namnet «*Ja til å bere korset hvor og når jeg vil*». Det er i og for seg eit opprop det kunne gå an å slutte seg til. Men oppropet, aksjonen, er for lengst øydelagd av ufattelege mengder rasistisk grums som vert lagd til i kommentarfeltet. Innvandrara får all skuld for at den kristne kulturen i landet vårt er på vikande front. Ordbruken er direkte utidig, feilaktig, sårande og kanskje til og med farleg.

I Vårt Land fredag 8. november les vi til dømes om andre på Facebook som sender ut bilete av flagget vårt og det norske riksvåpenet med teksten: «*Dette er mitt flagg, kors og riksvåpen. Liker du det ikke, så reis til helvete hjem til ditt eget land*». Slike, og haugevis av andre kommentarar, med langt verre tekst, florerar i dei sosiale media. Det er uverdug.

Det er berre ein grunn til at kristen kultur er på vikande front. Det er at dei som kallar seg kristne ikkje støttar opp om kristne samlingar og kristne handlingar. Eg likar ikkje å framheve eigen familie. Men ein som står meg nær, Steinar Sneås Skauge, har også skrive om dette på sin eigen blogg, St. Isidors minne, og eg må gje han rett når han skriv det følgjande:

«Kven har skulda for at Norge ikkje lenger er eit kristent land? Det er ikkje muslimane. Det er ikkje ateistane. Dei som har skulda for at Norge ikkje er eit kristent land, er dei som ropar og skrik om at Norge er eit kristent land og kor viktig det er at vi tar vare på den kristne kulturarven, utan å leve ut noko av dette i praksis.

Lat oss køyre ein rask test for deg som meiner det er viktig å ta vare på den kristne kulturarven, særleg i møte med innvandrara. Går du ikkje på gudsteneste på søndag? Sender du ikkje borna dine på søndagsskule og barnekor? Veit du ikkje at Kjærleikens høgsong står i 1. Kor 13? Forstår du ikkje kva 1. Kor. 13 viser til? Kan du ikkje Herrens bøn? Meiner du jula handlar om familie og kos? Handlar påska om den siste skituren eller den første turen på forden? Er pinsa kun for den første utepilsen? Trur du reinkarnasjon kan kombinerast med kristendom?

Då er det i så fall DU som er ansvarleg for at kristen tru får mindre plass i det offentlege rom i Norge. Då må DU gå i deg sjølv og gjere noko med ditt liv, slik at du vidareformidlar kristne praksisar som kan vere med og forme samfunnet.»

## Velkommen til Sommerfest 2014

**Mange gleder allerede seg til Sommerfest og generalforsamling for Det Norske Misjonsselskap (NMS) første uka i juli 2014 – en storsamling der det kommer folk fra alle kanter av landet og kloden.**

Stedet er Ekebergsetta i Oslo. I tidsrommet 2. til 6. juli inviterer NMS til en storsamling som vil bli spesielt tilrettelagt også for familier, med parallelle opplegg for barn og tenåringer/ungdommer. Programmet på Sommerfesten blir allsidig og innholdsrikt, med kveldsmøter, seminarer, debatter/forhandlinger, konserter, storbyfest, utflukter, global landsby, mingleområder, internasjonale mattelt, hvilerom, etc. Det blir en egen NMS-campingleir på Ekebergsetta, og over hele byen ellers er det reservert hotellsenger som du kan booke.

SKRUK kommer. Artisten Maria Solheim kommer. Det gjør også biskop Kvarme, forsvarsadvokat Geir Lippestad, det gassiske koret NOVA, gjøglerne Chris og Øystein, Geir Hegerstrøm – blant mange andre. Og så du! Påmeldingen begynner allerede før jul, og trenger du mer informasjon akkurat nå, kan du sjekke [www.nms.no/gf2014](http://www.nms.no/gf2014). Programavisa er klar i november. Ring 51516100 så sender vi deg Sommerfest-avisa, og du får vite alt du trenger å vite.



## Å leve med sorga

Samling om sorg og sorgreaksjoner

lørdag 18. januar kl. 12-15

i Torgstuen i Åsane kirke. Velkommen!

## Det går då bra

Eg vakna i natt, og puta  
mi var våt av tårer.

Det var stilt, handa mi  
låg open på dyna.

Eg kjende smerta som ei  
elv gjennom meg, og visste  
at du kjem aldri tilbake.

Livet må gå vidare no,  
seier dei til meg og trøystar.

Det går då bra.

Foto: Sasukekun22/Wikipedia

Bente Bratlund Møland

FEKK AHA-OPPLEVING: Marianne Minde fekk ei aha-oppleving då ho deltok i julefeiringa i kyrkja i 2005. Ho og familien hennar blei hekta, og dei har sidan feira jul i Korskirken fem gonger til.



## Bymisjonen lagar jul for alle

– Vi hadde laga oss eit bilete av kven vi trudde skulle kome på julefeiringa i Korskirken. Det var eit feil bilete. Det alle hadde felles, var at dei hadde behov for å feire jul saman med fleire og dele noko, seier Marianne Minde, familiekontakten ved Home-Start i Kirkens Bymisjon i Bergen.

TEKST OG FOTO: KATI INDREFJORD/KIRKENS BYMISJON I BERGEN

Som så mange andre fekk Marianne Minde ei aha-oppleving første gongen ho deltok i den rause julefeiringa i kyrkja. Ho hadde lenge drøymt om å få vere med i Korskirken på julafta, og i 2005 kom sjansen. Etter denne første julefeiringa med Bymisjonen var både ho og ungane hekta, og familien har sidan feira jul i Korskirken fem gonger til.

### Den oppskrytte jula

Marianne ville presentere eit alternativ til «pakkehysteriet» til sine tre born som den gongen var

13, 14 og 19 år gamle.

– Julia var blitt veldig kommersiell, syntest eg. Men adventstida var - og er - ei god tid for meg, då vi kunne legge planar og gjere kjekke ting i lag med andre. Eg vart klar over at ikkje alle gledde seg, det var nokre som kvidde seg til jul.

Det kunne handle om skuffa forventningar til korleis adventstida skulle vere, det kunne vere kjensla av at ein sjølv var den einaste som ikkje feira den perfekte familiejula vi les om i vekeblad og aviser. Før feiringa byrja, var alle friviljuge

medarbeidarar på informasjonsmøte. Marianne kom dit med blanke ark, og lurte mellom anna på om ho og dei andre tilsette skulle ha navnermerke på seg.

### Som ein storfamilie

– Eg vart så fascinert av det Camilla (Grimsby) sa til oss på møtet - at her feirar vi jul i lag, alle saman. Det var heilt uaktuelt at tilsette eller friviljuge skulle skilje seg ut frå dei andre gjestene, fortel ho.

Julia er ei tid då alt vert meir synleg. Det som er bra, vert ekstra bra, og det som kjennest tøft, vert ekstra tøft. Og saknet etter eit fellesskap - som ein kanskje ikkje merkar resten av året - vert for mange særleg tydeleg i juledagane, då alt skal handle om familielukke og gavedryss.

– Mannen min var med i transportgruppa, og køyrte mellom anna to velklede herrar frå byens beste strøk heim då kvelden var omme. Dei var einslege begge to, og sa at det gjekk greitt heile året - bortsett frå i jula. Då var denne felles feiringa god å ha, seier Marianne.

Ungane hennar er blitt større no, men for dei er det framleis jul i Korskirken som er den ekte jula.

### Ei heimleg julafta

– Det er ei fantastisk oppleving. Det er ei ordentleg, tradisjonell julefeiring med alt som høyrer til av god mat, gang rundt juletreet og julesongar. Trøytte ungar sovnar i fanget til mor, og røyksugne karar står utanfor med rullingsen. Det er rom for alle, seier Marianne.

– Eg vil verkeleg anbefale det, anten ein kallar seg gjest eller friviljug. Det skillet vert fort brote ned uansett. Vi blir som ein storfamilie, med ulike slags folk som likar å gjere ulike ting. Nokre vil helst sitje i ro, andre må opp og rydde og ordne for å føle seg vel. Det er opent for å vera - og opent for å gjera.

I år gjer familiesituasjonen at det vert heimejul med unge og gamle. Det har Marianne og mannen bestemt.

– Men dersom situasjonen endrar seg att, vil vi heilt klart attende til feiringa i Korskirken. Det er ei heimleg julafta, berre med fleire enn ein vanlegvis har plass til.

### Inkludering og integrering

Home-Start Familiekontakten (HSF), der Marianne Minde arbeider, er ein del av Bymisjonens nye avdeling, Oppvekst og mang-

## Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina

### V/Tro-Håp-Kjærlighet

Første og siste lørdag i mnd. kl. 12-14.00  
V/Lærerhøyskolen på Breistein, Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70  
[www.thk.no](http://www.thk.no)





SKJERF PÅ SJØFARTS-MONUMENTET: Bildet er fra startdagen for årets «Lys i mørket»-aksjon, da Bymisjonen hengte opp 150 oransje, hjemmestrikkede skjjerf i byen og oppfordret folk til å gi dem til noen som fryser.

fald. HSF er eit verdensspennande familiestøtteprogram, der frivillige medarbeidarar kjem heim til småbarnsfamiliar som treng støtte i ein periode. I Oppvekst og mangfald er det ei brei vifte av tilbod til familiar med barn og ungdom i huset. Det at fleire tiltak er retta mot barnefamiliar, gjer det mogleg for mange å finne noko som passar deira behov.

– Vi freistar å invitere «våre» Home-Start-familiar inn på advents-aktivitetane på Bamschiet og i Åpen barnehage. Det vert organisert både juleverkstad og kakebaking, og før jul er det nissefest. Vi gjer også familiare merksame på julefeiringa i Korskirken, understrekar Marianne.

#### Førti nasjonar

Dei frivillege familiekontaktane i Home-Start får tilbod om den tradisjonelle julekonserten i kyrkja, og vanlegvis vert det og gjeve tilbod om ei teaterforestilling til familiar som brukar tilboda. I år er det førpremiere på «Jul i Blåfjell» som står på tapetet. Takka vere gratisbilletter frå Musikkteatret i Arna kan 50 personar få oppleve denne forestillinga. Førti ulike nasjonar er representerte i den mangfaldige gruppa som brukar tilboda til Oppvekst og mangfald.

– Vi vil gje både barn og vaksne høve til å bli kjent med norske juletradisjonar. I samlingsstunda i Open barnehage syng dei julesongar i adventstida, og det er kjekt både for norske familiar og minoritetsfamiliar, seier koordinatoren.

#### Den glade budskapen

Og så er det sjølvaste flaggskipet i Bymisjonens julefeiring, då. Julekvelden i Korskirken byrjar i år med messe klokka 17. Deretter set folk seg til festpynta bord der mat og underhaldning vert servert. Også på dei «raude dagane» er det ope hus i Bymisjonen. Første

og andre juledag er det Kafe Magdalena som har opne dører med gratis julemat frå kl. 12 til 15. I veka før jul er det aktiviteter på kafeen kvar dag, det vert laga julekaker, julekransar og annan pynt. I fleire år har Bymisjonen rigga til «Stallen» - ei synleg påminning om den første jul i Betlehem, med

julekrybbe og førjulsstemning. I år vert «Stallen» plassert i Kafe Magdalena, og det vert høve til å kjøpe julegaver frå Bymisjonens egne tre- og tekstilverkstader. Diakon Tone Totland og gateprest Kari Veiteberg går i tillegg ut i byens gater med kirkesykkelen og den glade budskapen.



JUL I KORSKIRKEN: Slik så det ut i Korskirken før gjestene kom julaften 2012.

## Bymisjonens jul

- Den tradisjonsrike «artistdugnaden» i Logen vert skipa også i år. 9. desember er Voksne Herrers Orkester organisator og husband for ei rekkje artistar som opptre gratis til inntekt for Bymisjonen. Billetter er å få kjøpt på Billettservice.
- I veka før jul er det aktiviteter på Kafe Magdalena kvar dag, det vert laga julekaker, julekransar og annan pynt.
- Julekvelden i Korskirken byrjar i år med messe klokka 17. Deretter set folk seg til festpynta bord der mat og underhaldning vert servert.
- Dei tilsette på Bryggen Radisson Blue Hotel inviterer Bymisjonens brukarar til gratis julemiddag på hotellet på julekvelden, frå klokka 12 til 15. Dette er primært ei tilskipping for byens rusavhengige, men også for fattige tilreisande frå Sør-Europa.
- Første og andre juledag har Kafe Magdalena opne dører med gratis julemat frå kl. 12 til 15.

# Abbedissen

begravelsesbyrå as



Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90  
Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

[www.abbedissen.no](http://www.abbedissen.no)

# Bergen Omegn

BEGRAVELSESHJELP

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Tom Wilson



Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenomegn.no](http://www.bergenomegn.no)

## AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

## AVD. BERGEN VEST

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



# Åsane

# Begravelsesbyrå

v/ Johannes R. Blom

55 18 90 00 Døgnvakt



E-post: [aasane-b@online.no](mailto:aasane-b@online.no)  
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

# Arna Gravferdsbyrå AS



Lakslia 14  
5260 Indre Arna

Ragnhild Th. Kristing – Marit I. Hope – Torstein A. Jensen

Tlf. (hele døgnet) 55 24 08 08

# Koba Christensen

BEGRAVELSESBYRÅ

123 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** [post@koba.no](mailto:post@koba.no), [www.koba.no](http://www.koba.no)

## Dåp, konfirmasjon eller bryllup?

Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter, løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

Fjøsangerveien 207  
55 31 80 01

Løiten Lys Bergen

# Løiten Lys

[www.loiten-lys-bergen.no](http://www.loiten-lys-bergen.no)

## Begravelsesbyrået for byen og distriktet

# Solstrands

Begravelsesbyrå as

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
[post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)



**DØGNVAKT • 55 55 16 16**

Vår erfaring – din trygghet

## Eli-Karins Sangtjenester

Ønsker du sang ved en spesiell anledning?  
Bryllup • begravelse • jubileum etc.

**Sang i glede og sorg,  
fra hjerte til hjerte**

911 87 695 • [elikilll@broadpark.no](mailto:elikilll@broadpark.no)  
Eli-Karin Lillebø



Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter



[www.toppeblomster.no](http://www.toppeblomster.no) Tlf: 55 18 03 00

**TOPPE  
BLOMSTER**  
- fra hjerte til hjerte

# ASTRI VÅRDAL

statsautorisert revisor, autorisert regnskapsfører  
Ytre Arna - tlf 55 53 14 94

- Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.  
- Regnskapsføring.

[astri@vaardal.no](mailto:astri@vaardal.no) - <http://www.vaardal.no>

## STOR BLOMSTERBUTIKK

...med godt utvalg til alle anledninger.

Brudbuketter.  
Sorgbinderi m.m.

Hageland

ÅSANE HAGESENTER

TLF: 55395600

[asane@hageland.no](mailto:asane@hageland.no)

# Biskopens julhøysing

## Vener for livet?

**I 2013 har vi ungdomsår i Bjørgvin bispedøme. I møta våre med ungdom hentar vi ofte fram dette biletet som står saman med andakten. Det passar som hand i hanske med juleevangeliet.**

AV BISKOP HALVOR NORDHAUG

Biletet viser Jesus og den egyptiske munken Menas frå ca. år 600. Det blir gjerne kalla «Jesus og venen hans», og heng i dag i Louvre i Paris. Ofte når Jesus blir skildra i kunsten er han tydeleg større enn menneska som omgir han. Men i dette biletet er dei jamlike. Jesus og munken er omtrent like høge, og Jesus legg handa si rundt munken sine skuldrer. Dei er vener og går vegen saman.

Dette er eit bilete som fell i god jord hos ungdom, fordi det viser vener som bryr seg om

kvarandre, der den eine ikkje gjer seg stor på den andre sin kostnad. Jesus vil ikkje vere fjern, men nær. Jesus vil ikkje vere eit uløyst mysterium, men ein ven som gir seg til kjenne og vil vere den fortrulege følgesveinen gjennom livet vårt. Biletet minner oss om Jesu ord i Johannesevangeliet: «Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min». (Joh. 15,15).

Då Jesus blei fødd og lagd i krubba, blei noko av Gud sjølv overgitt i hendene våre. I Jesus kom Gud oss så nær som det er mogeleg. Han

blei ein av oss, ein bror og ein ven. Ungdom i dag, som ungdom i går, er opptekne av venskap. Mange har nære vener som betyr mykje for dei, men mange har også opplevd at vener sviktar. Somme veit kanskje ikkje om dei har ein verkeleg ven.

I ungdomsåret 2013 har det vore målet vårt at ungdom, og alle andre, skal få høyre at det her og no finst ein som alltid og under alle forhold vil vere venen deira, slik han var det for munken Menas for mange hundre år sidan. Jesus er ein ven som ikkje sviktar og som aldri blir klok av skade.

Kan du sjå at munken skjeglar litt med venstre auge? Det er neppe ein glipp frå målarer si side. Med eitt auge ser han mot Jesus og med eitt auge ser han på vegen som ligg framfor. Slik fortel biletet noko om kva det er å vere ein kristen. Speler Gud ei rolle i livet ditt? Betyr Jesus noko for deg? Viss ikkje, er det bra at du les dette og får sjå biletet av Jesus og venen hans. Jesus er venen som aldri gir oss opp, heller ikkje når vi går bort. Ville det ikkje vore fint å vere venen hans?



(Foto: RWN-Grand Palais (Musée du Louvre)/Hervé Lewandowski)

# Frå solo- spelar til lagspelar



ARNE I ARNA: Arne Mulen kjenner lokalhistoria i Ytre Arna godt etter ni og eit halvt år i bygda. Her står han med Ytre Arna i bakgrunnen ein grå dag.

**Sidan Arne Mulen blei prest i 1997 har han vore solospelar. Først i Paris i seks år. Så i Ytre Arna i ni og eit halvt. No er han vorten «håvehenta», eller headhunta som det og heiter, av biskopen for å leie eit team på fire prestar i Åsane kyrkjelyd.**

TEKST/BILETE OLAV@VIKSE.COM

Ei ære for Arne, å bli kalla på den måten.

– Eg har aldri ein dag tenkt meg sjølv som sokneprest i Åsane, seier Arne.

Eg trur han. Arne er for smålåten til å tenke seg sjølv i store stillingar. I dag er han sokneprest i byens minste sokn. Fra nyåret av er han sokneprest i byens største. Og eit av Norges tre største, om eg er rett informert. Arne ser trygg ut. Men sjølv kjenner han seg ikkje alltid like trygg inni, seier han. Og hendene seier det same. Dei knyter knutar på fingrane så eg gløymer å spørje meir. Vil det verte vrangknute?

– Men eg veit med meg sjølv at eg er god på å skape trygge relasjonar rundt meg, seier han.

Det same seier medarbeidarane hans i Ytre og Indre Arna.

## Ikkje dagleg kost

Å bli kalla av biskop og prost utan først å måtte søke stillinga er ikkje dagleg kost i norske kyrkjer. Men det har vore litt ugrent i Åsane i det siste, så biskopen valde å flytte han innan same prosti. Det har han rett til utan å gå til utlysing av stillinga.

– Det blir vaksenopplæring på meg no, seier han og smiler.

– Eg veit mest ingen ting om Åsane.

Arne har vorten «håvehenta» før óg han. Både til Paris og til Haukås. Til Paris vart han kalla av Det norske misjonsselskap. Til nybrottsarbeid. Til Haukås var det biskop og prost som kalla han. For å gjera nybrottsarbeid der også, i eit område som kjem til å vekse sterkt framover. Der har han bygd ungdomsarbeid frå grunnen. Ut frå konfirmantarbeidet. Men ikkje han aleine, må vite.

## Alltid taknemleg

Arne tek aldri æra for noko sjølv. Ære skal alltid delast med frivillige hjelparar. Og Gud. Difor er han taknemleg. Alltid taknemleg. Sann er Arne. Men han kan vera svært dårleg til å ta imot ros. Eg har jobba mykje saman med Arne. Og i første tida var det irriterande å aldri komme igjennom med ros til mannen. Eg prøvde gong etter gong. Han berre vidare sendte rosen til medarbeidarane som om han sjølv ikkje betydde noko. Men etter kvart har eg skjont det. Beskjeden. Han er skrudd saman sann. Med blikk oppover og rundt seg. Seg sjølv til sist, som ein som går i dei spora Gud og biskop legg føre han. Det er det han ber om å få gjera. Vera ein som går der han skal. Mange

prestar ynskjer det same. At det var dei som fekk ein slik telefon ifrå biskopen. Få ei slik anerkjening som Arne har fått. Men dei høyrer ingenting.

## Dialekten er arbeid for ein språkeksper

Om han er ein nærverande far? Vel, nokre gonger, fortel han. Lat og makeleg utmeldt ligg han

saman med andre kristne. Hatt kristne vener. Snakka kristne ting. Men han likar seg blant menneske som ikkje trur og. Sørgjande for eksempel. Blant folk som har mista ein dei var glad i. Arne kan vera nær og lyttande. Det veit mange som har høyrte han der framme ved kista. Som har høyrte han sei minneord om den døde. Eller da han var heime hos dei på føre-

*– Eg veit mest ingen ting om Åsane.*

gjerne på sofaen ein kjærkomen fridag. Neppes den store mannen med støvsugaren. Sjølv om eg legg merke til at støvsugaren ligg uryddig stabla nettopp på hans kontor. Kanskje kona meiner at akkurat det rommet får han greie sjølv? Det er artig å lytte til Arne. Ein språkeksper ville nok seie det finst spor av fleire dialektar i dialekten. Nett som han er rein nynorskmann frå Førde, legg han om og syng tydelege tonar på ein eller annan melodi frå ein stad eg ikkje kjenner. Kanskje det er fransk?

## Lokalhistorikar etter kvart

Arne er ein innsidemann i kyrkje og bedehus. Han har alltid vore det. Hatt tru og høyrte til. Gått

hand.

– Eg har vorte god i lokalhistoria til Ytre Arna gjennom desse åra. Spesielt når gamle folk ligg i kista, vert det fortalt mykje om tider som er borte. Den gongen det var industri og yrande liv på staden, seier han.

– Eg har vorte veldig glad i denne staden ved elve, som det heiter der. Dei har betydd mykje for meg, og for folk i generasjonar.

## Misjonær i Paris

Og vi jobbar godt saman vi kristne på staden. Det heiter aldri dei og vi. Berre oss kristne. Vi står saman. Det er ei stor velsigning.

– Eg blei prest for å bli misjonær, seier han brått. Redd for å gløyme å nemne det.



EI TÅRE FOR OLDEMOR: Arne vert rørt når han fortel om korleis oldemora hans døyde i barselseng, i trua på at Jesus ville ta vare på sonen hennar.

– Eg var 17-18 år da det blei klart for meg kva eg ville bli. Så let eg Gud få bestemme resten.

Eg skjønar fort at det må vera godt å vera medarbeidar i Ytre Arna kyrkjelyd. Det er å bli sett pris på. Få lov å vera med å dra laset. Det er sånn han byggjer stein på stein på Haukås. Sender unge hjelparar på leiar trening. Gir dei oppgåver i konfirmantopplegget. Skaper eit miljø som unge vil vera med i. Arne er dyktig. Eg har sete i mange møter med denne mannen som nå går til ny jobb. Eg har høyrte han fortelje om Ytre Arna, om alt dei har fått til der som er til å gle seg over.

### Ei nyve i panna

Eg er vorten imponert. Men da vert han redd. At eg skal skrive noko som ikkje held vatn. For alt er ikkje heilt bra! «Det veit eg vel», seier eg. Men det hjelp ikkje. Så det blir ikkje skreve noko. Ofte er ein tidlegare soknerådsleiar i Ytre Arna saman med meg på møta. Han humrar han og av Arne. Nokre gonger kan Arne få ei nyve i panna. Det er når den forsiktige presten i Ytre Arna får ukjente tankar og forslag å bryne seg på. Da

*– Nokon gonger misunner eg bror min som er tømrrar.*

kjem det fram noko i panna og rundt auga hans som fortel at det bryt i tankane hans. Han er usikker på om han likar det han høyrer. Så blir han stille. Han kan rette fram fingeren verbalt. Moraliserer. At vi ikkje kan gjera, og du må hugse at, ikkje gå framom altaret og fotografere! Slik eg høyrer han.

### Han vil gjerne sette spor

For rett nok vil han ha fine bilete

frå gudsteneste og heilage handlingar. Men fotografen skal helst vera usynleg. Ingen kan vera perfekt. Sjølv ikkje Arne. Og no kjenner eg ei spenning her eg skriv, før Arne skal få lese det eg skriv om han. Om han kjem til å stryke mykje. Vil han la deg sjå godorda? Alle dei eg har skrive? Eg kunne lett ha funne mange fleire. Om konfirmantleiarar, ungdomsarbeid, samarbeid, sokneråd, samarbeid med Arna og arbeidarane der. Så mykje han har sagt og gjort.

– Hytta på heimsplassen dreg vi til så ofte vi kan. Eg kjenner at der får eg sett spor etter meg. For å vera prest er å skrive i sand. Etterpå er skrifta viska ut av tidevatnet. Vil eg sette spor etter meg? Vil noko vare? Tida vil vise.

– Nokon gonger misunner eg bror min som er tømrrar. Husa han bygger blir ståande etter han. Som monument på det han har skapt.

– På hytta får eg og sett spor som varer. Eg elsker å lage ting.

### Ikkje tenkt nok gjennom ting

– Trua mi er enkel. Liketil, seier han og smiler med rolege hender.

– Tvil har ikkje vore mi greie! Eg fekk med meg tillit heimanfrå! Så det er vanskelig for meg å sette meg inn i menneskas tankar som seier dei ikkje greier å tru.

Menneske som kanskje har fått noko øydelagt inni seg av ei hending, eller noko vondt som varte. I barndomen kanskje. Tilliten til menneske og Gud vart øydelagt! – Jo, eg høyrer på dei, men kan ikkje heilt forstå. Trur eg.

«Sjølv kan eg heller ikkje tru» står det skreve i Luthers vesle katekisme. Men det er noko heilt anna. Enn det dei som er fråstolen tilliten av andre.

– Men du tek meg litt på fersken her Olav, når du spør om dette. Eg kjenner at eg ikkje er nok gjenomtenkt på dette. Beklagar.

### Lite sol

Den dagen eg var heime hos han hang tåka ned over hustaket. Tjukkk som graut. Det regna. Sola var på vift ein anna stad. Men vi tok bilde. Vi blei våte. Han brygga kaffi til meg. Sjølv drakk han vatn. Baud meg kjeks. Ville finne ei panne i skapet, leitte lenge. Men gryteskap er ikkje hans verd.

– Du veit, mange prestar har lett for å verte solospelarar. Sine eigne tankar blir det viktigaste for dei. Menneska må tilpasse seg presten, seier han.

– No skal eg prøve å få dei andre til å bløme. To kapellantar, ein seniorprest og meg sjølv.

Kantor og diakon, klokkar og kyrkjetenar. Skriflesar og nattverdmedhjelpar. Og alle dei andre som ikkje er gløymt, men berre ikkje nemt.

– Som eg ikkje kjenner. Enno. Men eg er alt høgtideleg innsett i Åsane. Skal vise meg på kontoret der og i staben framover. Men

fortsette med gudstenester i Ytre Arna ut året.

### Blømande medarbeidarar

– Det er ikkje meg dette skal handle om. Vi skal bli gode saman! For menneskas skuld! Dei som kjem til kyrkje! For å skape alt det vi ønskjer oss må vi være trygge! Inni oss er vi alle små barn. Som treng ros for å få kraft og mot til å gå.

Ros er som vitaminar. Og vi treng å kjenne at vi høyrer til.

– Jovisst ser vi trygge ut på utsida. Men ikkje alltid er vi det inni. Sjølv kan eg vera sårbar. Engstelig. Men eg viser det ikkje. Gjerne når arbeidsoppgåvene tårnar seg opp rundt meg og eg kjenner at dei er fleire enn eg maktar.

– Om eit år skal jobben min evaluast, seier han så.

Hendene hans jobbar med å løyse knutane han har vikla dei inn i.

– Då kan sjefane kome til å seie at eg ikkje fungerer som sokneprest i Åsane, seier han.

– Då trekk eg meg tilbake! Dei har lova meg jobb ein eller annan stad. Så arbeidslaus vert eg ikkje. Eg gjer berre det eg er blitt beden om. Eg gjer mitt beste. Om ikkje det er godt nok, får det vera sånn. Og vi skal fortsette å bu i Ytre Arna inntil vidare. Kona vil ikkje flytte, viss ho og ungane kan sleppe. Inntil vidare.



Åsane kirke 20 år:

## Jubileumsprogrammet

- Hele desember: Utstilling med bilder og utklipp i våpenhuset og i Åsane storsenter.
- 1. desember kl. 11.00: Familie-gudstjeneste, Spiren, Prelud og Li barnegospel deltar, kirkekaffe med bursdagsfest etterpå.
- 1. desember kl. 17.00: Førljuskonsert «Stille Natt, Hellige Natt» med Elisabeth Andreasen, Alexander Rybak, Marian Aas Hansen, Tor Endresen og Rune Larsen. Billetter.
- 2. desember kl. 19.00: Temakveld om kirkekunst, ved Rolf Armand Rasmussen.
- 9. desember kl. 19.00: Temakveld om salmer. Arve Brunvoll forteller om samler han selv har skrevet eller oversatt.
- 11. desember: Grøtfest i Stjernen åpen barnehage med jubileumsmarkering.
- 12. desember kl. 19.00 (Åsane gamle kirke): Førljuskonsert med Kormix, Lækoret og Nyborg brass.
- 15. desember kl. 17.30 (Åsane gamle kirke): Julekonsert med Bergen Vocalis.
- 15. desember kl. 19.00: Korskolens julekonsert - med Magnificat, Accord, Prima Vista, Cantus Sororum og Voka.
- 16. desember kl. 19.00: Historiekveld «I grevens tid» ved Jan Sverre Stray.
- 21. og 22. desember, begge dager kl. 21.00: Bergen nord kammerkor.
- 23. desember kl. 22.00 (Åsane gamle kirke): Bergen mannskor.

Olaf Hillestad (1923-1974):

# Kirkelig opp- rører og elsket salmedikter

**Det var Olaf Hillestads uttalte program å åpne kirkens dører for unge mennesker, men for å gjøre dem til kirkegjengere og fremtidige menighetsbyggere var det nødvendig å møte dem med ord som appellerte til dem og et tonespråk som var deres. Dette var en uvant innstilling i norsk kirkeliv da Hillestad ble prest.**

AV LISE MCKINNON

Olaf ble født på Askøy 8. juli 1923, sønn av presten Erik Olsen Feet og Bergljot Zwilgmeyer. Morbroren, Dagfinn Zwilgmeyer var prest og salmedikter, forfattergener kan han også ha arvet etter et annet medlem av Zwilgmeyerfamilien, nemlig Dikken, som er blitt kalt en fornyer av norsk barnelitteratur.

## Kapellan i Slettebakken

I 1952 ble han cand. theol. og fikk sin ordinasjon. Hans første arbeidsplass ble Norges kristelige ungdomsforbund, først som soldatsekretær og fra 1954 som forbundets landssekretær. I den

perioden fikk tusener av ungdommer et møte med Hillestads entusiasme og evner til å spre glede omkring seg i de store tenårings-treffene han ledet. Fra 1959 virket han som hjelpeprest i Uranienborg menighet i Oslo, før han ble utnevnt til residerende kapellan i Slettebakken kirke og innsatt der ved høymessen 3. februar 1963. Slettebakken ble utskilt som egen menighet i 1960, eget kirkebygg ble ikke innviet før i 1970, men det var stor kirkelig aktivitet i det som fremdeles kunne kalles et nybyggerstrøk med mange unge mennesker.

## Energi og entusiasme

Når en skriver for et menighetsblad i Bergen, føles det naturlig å



Foto: Cappelen's forlag

VILLE VÆRT 90 ÅR: «Han døde som han levde - bunn glad fordi han alltid var bunn alvorlig» skrev biskop Alex Johnson i sitt minneord over Olaf Hillestad.

